



DET KONGELIGE
FINANSDEPARTEMENT

Rundskriv R

Alle departement
Statsministerens kontor

Nr.	Vår ref	Dato
R-7/2015	15/3795	03.09.2015

Statsbudsjettet 2015 – Tilleggsøyvingar i haustsesjonen – Ny saldering

Finansdepartementet skal leggje fram for Regjeringa ei samla oversikt over fagdepartementa sine forslag til tilleggsøyvingar hausten 2015. Finansdepartementet ber derfor om at fagdepartementa sender inn forslag til tilleggsøyvingar for 2015 som det er strengt naudsynt at Stortinget vedtek i haustsesjonen. Dette gjeld også saker om overskriding av mindre omfang og som i tråd med løvingsreglementet kan avgjerast med samtykke frå Finansdepartementet eller ved kongeleg resolusjon.

Finansdepartementet gjer også merksam på at det kan vere naudsynt å sette ned løyvingar for å tilpasse dei til kravet om realistisk budsjettering.

Finansdepartementet skal ha innspela innan 15. oktober 2015. Forslaga skal fordelast på kapittel og postar med følgjande opplysningar som skal gjevast i 1 000 kroner:

- Rekneskap 2014
- Saldert budsjett 2015 + tilleggsøyvingar hittil i år
- Tilleggsforslag for 2015

I hovudbudsjettsskrivet for 2016 blei departementa bedne om å sende inn forslag for tilleggsøyvingar i andre halvår 2015 innan 27. juli 2015. For at forslaga skal bli behandla, må departementa sende inn konkrete forslag nå. Det er ikkje nok å ha gjeve desse opplysningane tidlegare.

Etter at Regjeringa har teke stilling til forslaga om tilleggsøyvingar, må departementa leggje fram eigne proposisjonar med dei forslaga som vart godtekne. Fristen for å leggje fram slike forslag er 20. november 2015. Utkast til proposisjon skal leverast Finansdepartementet for kontroll innan 13. november 2015.

Proposisjonen om ny saldering av statsbudsjettet for 2015 vil etter planen bli fremja i statsråd 27. november 2015.

Med hilsen

Colin Forthun e.f.
avdelingsdirektør

Richard Gjertsen
fagsjef

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikke håndskrevne signaturer